



Statens vegvesen Region vest  
Sindre Lillebø  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/53 - 18/32295

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
07.11.2018

## Svar vedkomande kvalitetssikring av viltfareskilt på riks- og fylkesvegar i Hordaland

Viser til skriv om kvalitetssikring av viltfareskilt på riks- og fylkesvegar i Hordaland av 09.10.2018.

Lindås kommune v/vegavdelinga har sendt ut førespurnad og bede om tilbakmelding frå ulike aktørar som har informasjon om viltforekomstar i Lindås og Nordhordland.

Fylgjande tilbakemeldingar har kome inn:

Nordhordland ettersøkslag v/Karsten Korneliussen:

- FV57: Dei fleste påkøyrslene her har vore på Hope, Hopevatn, Tykkhelle v/ Lindås og strekninga Mårås-Skodvin-Vågseidet. Det er viltfareskilt nokre plasser, men meiner at skogen bør tynnast ut / bli fjerna langs mange av strekka. Slike tiltak er mykje brukt andre stader, at skogen er tynna /fjerna 20-30m fra vegbanen.
- E39: Mot Eikangervåg-Leknes -Fyllingsnes-Romarheim er det plassar kor det ikkje er viltfareskilt, men kor det både burde bli skilta og fjerna skog.
- Det har og vore påkjørt hjort andre stader, men det blir meir tilfeldig.

Politiet v/ Kurt Inge Hordvik:

- Har sett på kartet, og punkta som er merka i HVR er svært reelle etter hans vurdering.
- Potensiale for hjortepåkøyrslar er store i helie dette området, spesielt på vegstrekningar utan lys, med fartsgrense over 60 km/t og kor vegetasjonen ligg tett inn til vegskulder. I den samanheng er det vanskeleg å peike på særskilde strekningar.

Politiet v/Sindre Erstad:

- Har sett på kartet, og har leita mest etter erfaring og om kjente ulykkesstrekningar var fanga opp. Slik han les kartet var desse punkta fanga opp og han har difor ikkje ytterlegare stader å peike på ut frå si erfaring om ulykker i Lindås.
- Når det gjelder stader kor det er reell fare for påkjørsel, meiner han desse er fanga opp i form av ulykker registrert i kartet.



Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne Eikefet  
Atle Dingen  
Hogne Haugsdal  
Nordhordland Ettersøkslag  
v/Karsten Korneliussen  
Nordhordland lensmannsdistrikt  
pob. Kurt Inge Hordvik  
Nordhordland lensmannsdistrikt  
pob. Sindre Erstad

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Postboks 43

6861

LEIKANGER